



## Notat

Dato: 12.08.2016  
Arkivsak: 2015/3001-8  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversending - kan Kokstadflaten bli siste bybanestopp før Flesland

I møtebok til fylkesutvalet sitt møte 23. juni 2016 er det teke følgjande oversendingsforslag frå representanten Mona Røsvik Strømme:

«Bybanen åpner til Birkelandskrysset 15.08.2016. Er det mulig at siste stoppet før Flesland kan bli Kokstadflaten?»

Frå 15. august 2016 køyrer Bybanen til og frå Birkelandsskiftet kvart 4-5 minutt i rush. Dette er same frekvens i rush som det har vore mellom Byparken og Lagunen. Det har også vore vurdert om Bybanen skal gå i trafikk til/frå Kokstadflaten og ikkje stoppe på Birkelandsskiftet i perioden før Bybanen kan gå til Flesland. Vending av vogner på Kokstadflaten kombinert med å betene stoppet er vurdert som ikkje ei fullgod løysning grunna at vognene må stå i kø i sporet før vending og stopp på haldeplassen kan skje. For kundane er det vurdert som den beste og mest forutsigbare løysninga å nytte Bybanen til/frå Birkelandsskiftet med bruk av tilbringarbuss vidare til Flesland.